



Tore Magnus syng etter å ha vorte hjarteleg motteke av kultursjef Kristian Bringedal. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Du hugsar sikkert "Våre små søsken" som var ein storslagar først på 1970-talet. Bergensaren Tore Magnus Petterson sette tone til Inger Hagerups gripande dikt og i 1971 vann han det som var "Idol" den gongen.**

-Eg fekk mitt livs største inspirasjon servert på gulfat, seier Tore Magnus. Songen lever i høgste grad framleis. Visa er attgjeve i meir enn 30 ulike songsamlingar over heile Skandinavia. Måndag føremiddag song han den i Gamleskulen i Uskedalen der han vart hjarteleg teke hand om av kultursjef Kristian Bringedal..



Ikkje akkurat nokon senior: Dagny Kroka

No kallar han seg berre Tore Magnus og fer med sjumilsstøvlar landet rundt med allsongprogram. Han har konsertprogram skreddarsydde både for born, vaksne og eldre. Før han kom til Uskedalen hadde han vore innom seks institusjonar i Kvinnherad i helga som ledd i "Den kulturelle spaserstokken". Med andre ord var dette programmet spesielt retta inn mot dei såkalla seniorane. Men det tok ikkje uskedalingane så bokstaveleg ettersom den yngste som var til stades enno ikkje har runda åtte månader!

I Cafe TI-aren var det vel 20 som møtte fram og song med. Repertoaret var vidt – frå "Jeg vil ha en blå ballong" og "Dar kjem dampen" til "Pengegaloppen" og "Anne Malene". Men det var ikkje så mange av dei 34 songane i trubaduren sitt songhefte som forsamlinga rakk å syngja før han etter tre kvarter måtte hasta vidare mot neste ferje.

Raudstein er enno ikkje åtte månader!  
(Foto: Ola Matti Mathisen)

Tore Magnus fekk som gåve "Det droplar og dryp" av Olaf Agnar Gausvik og kultursjefen vona at han kunne sette melodi til minst ein av tekstane til den lokale poeten. Det lova han å gjera, så kanskje kjem han att og syng resultatet neste år?

Men først er det ny opning i Cafe TI-aren. Det skjer til vanleg tid tysdag føremiddag, sjølv om det vart ein sangleg tjuvstart på måndag.

Av Ola Matti Mathisen



Det var allsong i Gamleskolen måndag føremiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)